

VIKTIG INFORMASJON TIL UNGDOM 16-19 ÅR

Beskytt deg mot smittsam hjernehinnebetennelse


Kvifor er det viktig å beskytte seg?

- Smittsam hjernehinnebetennelse (meningokokksykdom) er ein alvorleg sjukdom
- Sjukdommen kjem plutselig og du kan bli raskt därleg
- 1 av 10 av dei som blir sjuke dør, og 1 av 3 får varige helseskadar


Korleis kan du beskytte deg?

Det viktigaste du kan gjere er å ta vaksine. Det finnes to typar: ACWY-vaksine og B-vaksine. Meningokokktypane som har gitt mest sjukdom blant ungdom dei siste åra er godt dekka av ACWY-vaksinen, og er anbefalt for alle. I 2023 var det også tilfelle av type B-sjukdom hos ungdom. Du ta begge vaksinane for å vere beskytta mot alle meningokokktypane.

Symptom på hjernehinnebetennelse



Feber med frysningar



Verkende musklar



Kvalme, oppkast og diaré




Følsomhet for sterkt lys



Stiv nakke



Hodepine



Utslett med raude prikkar



Sjølv om det å vaksinere seg er lurt beskyttar ikkje vaksine deg mot alle typar hjernehinnebetennelse. Sjukdommen kan i starten likne på fyllesjuke og influensa. Viss du kjenner deg veldig sliten og slapp eller har fleire av symptomata over, er det kjempeviktig at du kontaktar lege raskt – anten du er vaksinert eller ikkje. Tidleg behandling kan redde liv.